

# Kommunedelplan for naturmangfold 2026–2038 – Årdal kommune

## Vedlegg – Utfyllende skildring av tiltak i handlingsdelen

Dette vedlegget gir ei nærmare skildring av kvart tiltak i handlingsdelen, med konkrete døme, prioriteringar og gjennomføringspunkt. Vedlegget er meint som eit praktisk arbeidsverktøy for administrasjonen og skal lesast i samanheng med handlingsdelen i planen.

Nr.	Utfyllande skildring av tiltak
1	<p>Alle plan- og byggesaker skal vurderast etter §§ 8–12 i naturmangfoldlova. Kommunen skal innhente og leggje til grunn kunnskap frå Naturbase og Artskart før vedtak. Tiltakshierarkiet skal følgjast: unngå – avgrense – setje i stand – kompensere. Samla belastning (§ 10) skal dokumenterast, inkludert den historiske fluorbelastninga frå Årdal Verk.</p> <p><b>Konkrete erfaringar frå 2025:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>– Leitet i Seimsdalen (vegutbetring etter storm-Jakob): To flomskogsmark-lokalitetar vart funne direkte i planlagt tiltaksområde. Råd: ingen inngrep innanfor avgrensa miljø, ingen hogst (unntatt gran), ikkje fyller massar mot elvebreidda, og avgrense steinuttak frå steinura.</li><li>– Massedeponi sør for Åsete, Indre Offerdal: Knerot (NT) og myrsauløk (første dokumenterte funn i Årdal) vart funne direkte i planlagt deponiareal. Tiltaket krev buffersone på 10–20 m.</li><li>– Trekkorridorar for villrein, bekkeløfter og inngrepsfrie fjordlandskap mot Luster skal synleggjerast gjennom omsynssover (min. 50 m rundt viktige lokalitetar).</li></ul>
2	<p>Gjennomføre årlege fjerningskampanjar for framande artar med høg (HI) og svært høg (SE) risiko. MU2026-14 registrerte 35 framande artar i 2025, av desse var 18 nye for kommunen – 9 med svært høg risiko (SE). Ørrekyte (<i>Pseudorasbora parva</i>) er registrert i Holsbru og Nedre Biskopen; årvis oppfisking i samarbeid med ÅJFF vidareførast.</p> <p><b>Prioriterte artar og lokasjonar:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>– Rødhyll (SE): Dominerande over store delar av Årdalstangen og Øvre Årdal</li><li>– Skogskjegg (SE): Ny i 2025, allereie dominerande ved bustadblokker på Årdalstangen</li><li>– Kjempespringfrø (SE): Aktiv spreieing langs Fardalsvegen – framleis mogleg å stanse</li><li>– Klustersvineblom (SE): Fleire stader i austlege delar av Naddvik</li><li>– Fagerfredløs (SE): Ny for kommunen i 2025, fleire lokalitetar i Loi og ved Einane</li><li>– Parklirekne (SE): Dominerande nær bustadfelt – svært ressurskrevjande å bekjempe</li><li>– Gravbergknapp, mongolspringfrø, alpegullregn, bergfuru (alle SE): Nye i 2025 – bør utryddast no</li><li>– Pukkellaks (SE): Trugar villaks og sjøaure; samarbeide med Statsforvaltaren og fiskarlag</li><li>– Lerk (SE): All lerk er planta; prioriterast for fjerning i randsoner mot naturleg skog</li></ul> <p><b>Strategi per område:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>– Fardalen/Fardalsvegen: Full utrydding av kjempespringfrø er realistisk viss ein startar no</li><li>– Naddvik: Klustersvineblom fjernast systematisk kvart år</li><li>– Loi: Rødhyll, hvitdodre og fagerfredløs langs vegen opp til skytebanen</li><li>– Årdalstangen: Fokus på å hindre spreieing inn i engene</li></ul> <p>Ved masseflytting skal tiltakshavar kartleggje og dokumentere fravær av framande artar.</p>
3	<p>Dekke prioriterte kunnskapshol gjennom målretta kartlegging og sikre at ny kunnskap vert registrert i Naturbase og Artskart.</p> <p><b>Prioriterte kartleggingsoppgåver (MU2026-13):</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>– Kalkrik og tørr furuskog i fjordliene – insekt og marklevande sopp (niflekkpraktbille EN stadfesta ved Indre Ofredal 2024 og 2025)</li></ul>

Nr.	Utfyllande skildring av tiltak
	<ul style="list-style-type: none"> <li>– MiS-undersøkingar i skog – ikkje gjennomført i kommunen; planlagt oppstart 2026</li> <li>– Rasmarseng i Seimsdalen og fjordlia – insekt</li> <li>– Fjellmiljøa – flora og fuglelivet</li> <li>– Ferskvatn – revurdering av vassførekomstar med låg presisjon</li> <li>– Fuglelivet – kunnskapssamanstilling og publisering via Artsobservasjoner.no</li> </ul> <p><b>Nye prioriterte oppgåver frå kartleggingane i 2025 (MU2026-14 og DNV 2025-60):</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Rasmark mellom Asperheim og Nyheim i Seimsdalen</li> <li>– Insektsurvey i Ytre Ofredal – ukartlagt habitat med høgt potensial for varmekjære insekt</li> <li>– Beitemarkssopp i Naddvik og Ytre Ofredal – kartlagt utanfor soppsesong</li> <li>– Grundigare kartlegging av tettstadareal rundt Årdalstangen og Øvre Årdal</li> <li>– Gammal furuskog Indre–Ytre Ofredal – svært høgt potensial</li> <li>– Rovfugl – jaktfalk (VU), kongeørn, havørn, hønsehauk og ugle; i samarbeid med BirdLife</li> <li>– Flaggermus – nordflaggermus (VU) og skimmelflaggermus (NT); detektorsurvey</li> <li>– Gammal furuskog på Seimsåsen – enkelttre målt til over 500 år; aldersregistrering snarast</li> <li>– Nundalen – undersøkje naturverdiar og restaureringspotensial</li> </ul> <p>Oppdatering av Naturbase og Artskart skal skje fortløpande etter kvart feltprosjekt.</p>
4	<p><b>Våtmark og myr:</b></p> <p>Kantsoner langs vassdrag i Seimsdalen, Naddvik og Fardalen skal restaurerast med mål om naturleg vegetasjon. Minimumskrav: 6 m i landbruk, 10 m ved gjødsling, 10–15 m i skogbruk. Kommunen kan setje eigne krav utover minimumsreglane. Flomskogsmark ved Leitet i Seimsdalen er sårbar – steinura som demmar opp flommarkskogen skal ikkje øydeleggjast.</p> <p><b>Semi-naturlege enger:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Fardalen: restaurering av slåttemark og naturbeitemark etter skjøtelsplanar</li> <li>– Loi: slåttemark (CR) og semi-naturleg eng – skjøtsel kan gjenopptas</li> <li>– Naddvik: heilskapleg skjøtelsplan (styvingstre, hagemark) i samarbeid med Statsforvaltaren</li> <li>– Offerdalen: to slåttemark-lokalitetar (CR) funne i 2025 – høgt potensial for raudlista insekt</li> <li>– Utladalen/Avdalen: tradisjonell skjøtsel (slått, beite, styving av alm) vidareførast</li> <li>– Øvrevollene på Årdalstangen: slåttemark kan ha skjøtsel gjenopptatt</li> </ul> <p><b>Gamal og død furu – særskilt vern:</b></p> <p>Gamle, solveksponerte og nyleg daude furutrær i rasmark mellom Indre og Ytre Ofredal er av svært stor verdi (niflekkpraktbille EN). Desse trea skal få stå i fred og ikkje fjernast ved skjøtels- eller sikringstiltak.</p> <p><b>Fjerning av framande treslag:</b></p> <p>Gran og lerk er planta fleire stader og fortrenger naturleg furuskog og edellauvskog. Prioritert er randsoner mot gammal furuskog og edellauvskoglokalitetar, og gran i flomskogsmarker.</p>
5	<p>Kommunen skal identifisere og fremje forslag om juridisk vern for naturmiljø av nasjonal eller regional verdi, mellom anna kalkrike furuskogar i fjordliene (niflekkpraktbille EN) og andre verdifulle lokalitetar avdekte gjennom kartlegging.</p> <p>Kommunen skal samarbeide med Statsforvaltaren om aktuelle vernesaker, mellom anna den pågåande prosessen for mogleg utviding av Jotunheimen nasjonalpark.</p> <p>Frivillig skogsvern kan nyttast der grunneigarar er positive til vern utan offentleg vedtak.</p>
6	<p>Beitebruk i utmark er avgjerande for å oppretthalde dei opne kulturlandskapsverdiane i Årdal. Kommunen skal støtte grunneigarar og bønder som held kulturlandskapet ope gjennom skjøtselstilskot og praktisk bistand.</p>

Nr.	Utfyllande skildring av tiltak
	<p><b>Førebyggjande tiltak og kompensasjon:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Påliteleg og føreseieleg kompensasjon ved tap av beitedyr</li> <li>– Vurdere gjetarordning i utmark heile sesongen</li> <li>– Bidra til at kunnskapsgrunnlaget om gaupe og jerv vert dokumentert gjennom viltregistrering</li> </ul> <p>Vestland er prioritert beitedyrregion – ingen ynglingsmål for store rovdyr. Kommunen held seg til det nasjonale forvaltningsregimet.</p>
7	<p>Planen dokumenterer viktige marine naturtypar: sjøfjærbotn med hanefot, svamphagar og artsrike gruntvassmiljø i Sognefjorden, samt sjøpattedyr og sjøfugl. Årdalsfjorden har framleis forhøgde nivå av PAH i botnsedimenta etter industridrift frå Hydro Årdal.</p> <p><b>Kommunen skal:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Delta aktivt i Miljødirektoratets pågåande verneprosess for Sognefjorden</li> <li>– Sikre at marine naturverdiar i Årdalsfjorden vert vurderte i alle utbyggings- og avløpssaker</li> <li>– Bidra i overvaking av forureiningssituasjonen i Årdalsfjorden (Indre Sogn vassområde)</li> <li>– Krevje konsekvensutgreiing for naturmangfald ved dumping, utfylling eller sprengingsarbeid i/nær fjorden</li> </ul> <p>Kronisk risiko frå historisk industriforureining (fluorforureining og PAH) skal integrerast i ROS-systemet og leggjast til grunn i arealplanlegging. Hydro Aluminium skal inviterast som informasjonspart.</p>
8	<p>Gjennomføre årlege temakvelder og informasjonstiltak om lokalt naturmangfald, tilpassa ulike målgrupper: innbyggjarar, grunneigarar og bønder, næringsliv og utbyggjarar, frivillige lag.</p> <p>Kommunen skal utarbeide eit årshjul for kva naturinformasjon som leggjast ut, med tydeleg ansvarsfordeling.</p> <p><b>Konkrete informasjonstiltak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Infoplakatar om villrein og ferdselsomsyn langs Tindevegen</li> <li>– Informasjon om framande artar ved bustadblokker på Årdalstangen</li> <li>– Naturinformasjon ved turutgangspunkt (Torolmen, Øvre Årdal, Vetti)</li> <li>– Kurs i bruk av Artsobservasjonar og Artsorakel i samarbeid med frivillige og fagmiljø</li> </ul> <p>Kommunen skal nytte sin status som nasjonalparkkommune aktivt i formidlingsarbeidet.</p>
9	<p>Samarbeide med barnehagar og skular om strukturert bruk av nærnaturen: alle barnehagar og barneskulane skal ha minst éin naturdag per månad, og ungdomsskulen tilbydast kurs i artsregistrering via Artsobservasjonar.no.</p> <p><b>Nærnatur og grøntstruktur:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Registrere og verdisette grøntkorridorar mellom tettstadar og natur i Årdalstangen og Øvre Årdal</li> <li>– Utbetre og universelt tilrettelegge minst éin hovudtursti frå kvar tettstad</li> <li>– Ivareta eksisterande grøntstruktur ved reguleringsplanar</li> </ul> <p>Tiltaket innarbeidast i folkehelseoversikta og koordinerast med Temaplan for friluftslivets ferdselårer. Kommunen kan samarbeide med Utladalen nasjonalparklandsby og frivillige om naturopplevingsopplegg for born og unge.</p>
10	<p>Gjennomføre tiltak, prøvetaking og overvaking i vassførekomstar med moderat eller dårleg tilstand, i samsvar med vassforskrifta. Årdalsfjorden er særleg utsett, og overvaking av miljøgifter vidareførast.</p> <p><b>Prioriterte tiltak:</b></p>

Nr.	Utfyllande skildring av tiltak
	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Utbetre elve- og bekkestrekningar der kantsoner er borte eller forringa</li> <li>– Tiltak mot avrenning frå landbruksareal i Seimsdalen og Naddvik</li> <li>– Følgje opp vasslokalisitetar med dokumentert dårleg tilstand i Vann-Nett</li> <li>– Delta aktivt i Indre Sogn vassområde sitt tiltaksprogram</li> <li>– Kartleggje regulerte vassdrag med mangelfull minstevassføring og vurdere revisjon av konsesjonsvilkår</li> </ul> <p><b>Drikkevatt:</b></p> <p>Drikkevasskjelda ligg nedstraums industri, og dreneringslinjer går gjennom industri- og busetnadsområde. Kommunen skal utarbeide ein prøveplan for råvatn og drikkevatt som omfattar uorganiske parametarar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Prøveplanen byggjer på NGU sin rettleiar for vannanalyse og vannbehandling, og omfattar m.a. fluorid, arsen, kadmium og bly, nitrat, jern og mangan, uran og pH</li> <li>– Prøvetakingspunkt og -frekvens vert fastsette i samråd med Mattilsynet, og resultat rapportert i tråd med drikkevassforskrifta</li> <li>– Resultata vert sette i samheng med overvakinga av Årdalsfjorden og den kroniske industriforureininga (jf. tiltak 7 og 12)</li> </ul>
11	<p>Ny utforming og oppgradering av kommunale uteområde, parkar og vegar skal bruke naturbaserte løysingar for overvasshandtering.</p> <p><b>Prioriterte tiltak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Opne grøfter, regnbed og permeable dekke prioriterast framfor røyrlegging</li> <li>– Kommunale parkar og vegkantar skjøttast med tanke på pollinatorar</li> <li>– Tre og vegetasjon i tettstadar vernast og supplerast ved nybygg og gateoppgradering</li> <li>– Kommunen unngår bruk av plantevernmiddel på eigne areal og vegkantar</li> <li>– Kantsoner langs vassdrag innarbeidast etter NVE/Miljødirektoratets rettleiar</li> </ul> <p><b>Samspel med grøn næringsutvikling:</b></p> <p>Kommunen skal invitere Årdal Teknologipark og Hydro Aluminium som samarbeidspartnarar om pilotprosjekt for naturbasert overvasshandtering og grøn infrastruktur.</p>
12	<p>Sikre at klima- og naturrisiko er integrert i kommunens heilskaplege ROS-analyse og i driftsrutinar. Erfaringar frå stormane Jakob (2024) og Amy (2025) viser behovet for systematisk beredskap.</p> <p><b>Konkrete tiltak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Risiko for tap av naturmangfald innarbeidast som eigen risikokategori i ROS-systemet</li> <li>– Den overordna ROS-analysen (2021/22) reviderast formelt med ny NVE-kartlegging</li> <li>– Metoden for planlegging etter klima- og naturrisiko (Vestland fylkeskommune og Hydro) nyttast aktivt</li> <li>– ROS-analysen reviderast minst kvart 4. år og ved vesentlege planendingar</li> <li>– Kommunen øver på varsling og evakuering saman med Statsforvaltaren minst kvart andre år</li> <li>– Kritisk infrastruktur (bru, veg, kraftforsyning) sikrast mot kjende fareområde</li> </ul> <p>Koordinerast med revisjonen av overordna ROS og beredskapsplanar. Kronisk risiko frå historisk industriforureining integrerast, jf. tiltak 7.</p>
13	<p>Vurdere og oppgradere VA-, avløps- og overvassanlegga med tanke på auka nedbørintensitet og flaum.</p> <p><b>Prioriterte tiltak:</b></p>

Nr.	Utfyllande skildring av tiltak
	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Gjennomføre kapasitetsanalyse av hovudleidningsnettet i Årdalstangen og Øvre Årdal for 50- og 100-årsregn</li> <li>– Vurdere løysingar for nytt eller oppgradert reinseanlegg</li> <li>– Kartleggje punkt med kjend underdimensjonering og setje opp tiltaksplan</li> <li>– Sikre at naturmangfald ivaretakast ved anleggsarbeid i og nær vassdrag</li> <li>– Stadfeste og oppdatere beredskapsrutinar for kloakkleidningen gjennom Årdalsvatnet og Hæreidselva</li> </ul> <p>Arbeidet innarbeidast i kommunens økonomiplan med årlege investeringspostar.</p> <p><b>Stikkrenner og kritiske punkt i bekkar:</b></p> <p>Multiconsult kartla i 2024 kritiske punkt i bekkar og bratte vassdrag i kommunen (rapport «Kartlegging av kritiske punkt i bekkar og bratte vassdrag», 15.02.2024). Kartlegginga avdekte ei rekkje underdimensjonerte stikkrenner med fare for at vatn renn inn mot bustader ved kraftig nedbør eller tilstopping. Kommunen skal utarbeide ein eigen plan for utbetring og oppgradering av desse, med prioritering etter risiko, og leggje arbeidet inn i økonomiplanen (jf. ROS, tiltak 12).</p> <p><b>Prioriterte område frå kartlegginga:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Seimfeltet og Seim–Tungeteigen: fleire betydeleg/kraftig underdimensjonerte røyr tett på bustader (m.a. pkt. 2-8, 2-10, 2-11, 3-2, 3-4, 3-5) – oppgradere røyrdimensjon, erosjonssikre bekkeløp og vurdere masseavlagringsbasseng med rist</li> <li>– Årdalstangen–Seimdsalen (pkt. 5-1): hyppig overfløyming nedstraums – oppgradere røyr heile vegen til utløp i fjorden og vurdere ope bekkeløp</li> <li>– Øvre Årdal, Vesvegen aust (pkt. 9-2, 9-5, 9-7 til 9-9) og Tronteigbekken (pkt. 14-5 til 14-9): kraftig underdimensjonerte røyr – oppgradere dimensjon, reinske/stabilisere innløp og vurdere rist og ope løp til Utna</li> <li>– Loi (pkt. 7-1, 7-2): fare for vatn over Fv53 – oppgradere røyr og reinske bekkeløp</li> <li>– Felles for alle punkt: faste vedlikehalds- og reinskerutinar for innløp, rister og bekkeløp. Full punktliste ligg i Multiconsult-rapporten</li> </ul>
14	<p>Alle plan- og byggesaker skal innehalde ei systematisk vurdering av konflikt mellom naturmangfald og tiltaket, med fast sjekk mot Naturbase, Artskart og kommunens naturkart tidleg i prosessen. Gjeld alle typar saker, inkludert fortettingsprosjekt i Tangen og Øvre Årdal. Føre-var-prinsippet gjeld særleg for strandsona, sjøen, myr/våtmark, semi-naturleg eng og snaufjell.</p> <p><b>Der konflikt ikkje kan unngåast:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Tiltak skal justerast, flyttast eller avbøtast</li> <li>– Kompensasjon for tap av naturtypar av svært stor og stor verdi bør skje i forholdet 1:3</li> <li>– Dispensasjonar og reguleringsplanar skal krevje fagleg utgreiing av naturmangfaldkonsekvensane</li> </ul> <p>Rutinane dokumenterast i sakshandsamingsmalen. Som nasjonalparkkommune har Årdal eit særleg ansvar for at sakshandsaminga held høgt fagleg nivå.</p>
15	<p>Evaluere eksisterande planreserve og fastsette føresegner som hindrar forringing av naturmangfald av stor verdi. Kompensasjon bør skje i forholdet 1:3.</p> <p><b>Soneinndeling:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Sone 1: Verna område og viktige naturmangfaldslokalitetar – ingen nye inngrep</li> <li>– Sone 2: Natur og friluftsliv med avgrensa skogbruk og friluftsliv</li> <li>– Sone 3: Landbruksareal med klare føringar for skogbruk og busetnad</li> </ul> <p>Omsynssoner (typisk 50–100 m rundt lokalitetar) innarbeidast i plankartet.</p>

Nr.	Utfyllande skildring av tiltak
	<p><b>Fortetting og sentrumsutvikling:</b> Grøntstruktur, tre og kantsoner i tettstadar skal vektast i alle reguleringsplanar, og grønne korridorar kartfestast og vernast.</p>
16	<p><b>Forureiningskontroll:</b> Krevje undersøking og dokumentasjon av forureina grunn ved bygge- og gravesaker, særleg rundt Hydro Årdal på Årdalstangen, eldre hamneområde og tidlegare deponier.</p> <p><b>Lysforureining:</b> Ved utskifting av lyspunkt skal armaturer med nedovervendt lys og riktig lysfarge (under 3000K) nyttast. Dimming: 4 timar før og 4 timar etter mørkaste tidspunkt langs gang- og sykkelveggar inn mot naturområde.</p> <p><b>Forsøpling:</b> Delta i «Rydd Norge»-kampanjen kvart år, etablere innsamlingsordning for landbruksplast og jarn, og sikre søppelstativ ved populære friluftstader.</p> <p><b>Samarbeid med næringsliv:</b> Hydro Aluminium og Årdal Teknologipark inviterast til samarbeid om felles miljøstandard for driftsareal.</p>
17	<p>Hjort (og dels elg i Vettismorki) er ein alvorleg trussel mot raudlisteartar knytt til alm, osp, rogn og selje gjennom borkgnag, og mot villrein gjennom potensiell spreining av skrantesjuke (CWD).</p> <p><b>Kommunen skal:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Arbeide for reduksjon av hjortestammen iht. MD sitt skriv av 28.02.2019 (halvering ift. 2016-nivå)</li> <li>– Leggje føre-var-prinsippet til grunn for hjorteviltforvaltning</li> <li>– Videreføre CWD-prøvetaking på alle felte dyr (Veterinærinstituttet)</li> <li>– Bidra aktivt i forvaltingsvedtak og gi innspel til villreinutval og Statsforvaltaren</li> <li>– Koordinere med Mattilsynet og Miljødirektoratets pålegg</li> </ul>
18	<p>Kommunen skal aktivt ivareta dei to villreinområda – Vest-Jotunheimen og Lærdal-Årdal – i all arealforvaltning. Trekkorridoren (Tyin–Øvre Årdal) kartfestast og visast som omsynssone i arealdelen. Tilrettelegging langs Tindevegen opnast berre i samsvar med villreinets sesongmessige behov. Nye hytter og infrastruktur i fjellsona konsekvensuttreiast.</p> <p><b>Nabokommunesamarbeid med Lærdal, Luster og Aurland:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Villreinforvaltning: delta i begge villreinutval og samordne arealplanar om trekkorridorar</li> <li>– Vassdragsforvaltning: samarbeide i Indre Sogn vassområde</li> <li>– Naturkartlegging: dele data og koordinere felt-innsats for grenseoverskridande naturtypar</li> <li>– Framande artar: samordne bekjempingsaksjonar langs fellesveggar og vassdrag</li> <li>– Inngrepsfrie fjordlandskap mot Lustrafjorden: koordinert planlegging</li> </ul>
19	<p>Arealnøytralitet – at samla belastning på natur frå arealbruk ikkje aukar over tid – skal vere eit styrande prinsipp i arealforvaltninga, i tråd med FNs naturavtale.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Ny arealbruk som fører til tap av naturverdiar skal unngåast; inngrep skal kompensierast gjennom restaurering</li> <li>– Kommunen følgjer utviklinga av metodar for naturrekneskap og naturbudsjett</li> <li>– Systematisk oppdatering av artsdata i Artskart og naturtypedata i Naturbase</li> <li>– Prinsippet om arealnøytralitet innarbeidast eksplisitt i kommuneplanens arealdel</li> </ul>

Nr.	Utfyllande skildring av tiltak
20	<p>Årdal har nokre av dei sjeldnaste inngrepsfrie fjordlandskapa på Vestlandet, og store INON-areal på snaufjellet som er avgjerande for villrein og fjellnatur.</p> <p><b>Kommunen skal:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Kartfeste INON-areal og innarbeide desse som omsyn i arealdelen og ved dispensasjonssaker</li> <li>– Ferdelsstyring ved rovfuglhekkelokalitetar (kongeørn krev min. 750 m avstand), kalvingsområde og slitasjelokalitetar</li> <li>– Tindevegen: ferdelsstyring samordnast med sesongmessige behov for villrein</li> <li>– Samordne ferdelsplan for friluftsliv med kommunedelplan naturmangfald</li> <li>– Unngå ny infrastruktur som aukar tilgangen til sårbar natur utan konsekvensutgreiing</li> <li>– Vurdere sesongstenging eller omlegging av stiar der dette er grunngitt i naturverdiar</li> <li>– Vurdere informasjonstiltak og skilting ved populære lokalitetar for å styre «vill-camping»</li> </ul>
21	<p>Gjennomføre årleg statusrapport for naturmangfaldsplanen som ein fast del av Framsikt/årshjul. Rapporten skal dokumentere framdrift for kvart tiltak og vurdere om mål er nådd. Handlingsdelen rullerast politisk kvart 4. år, med halvtidsrevisjon i 2030 og full planrevisjon i 2038.</p> <p><b>Kompetanseheving – kvart 4. år for administrasjon og politikarar:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Naturmangfaldlova §§ 8–10 i praksis med saker frå Årdal</li> <li>– Bestillarkompetanse: korleis krevje og vurdere faglege naturkartleggingar</li> <li>– Kursing av driftstilsette: handtering av framande artar, kantsoner og nedfalne tre</li> <li>– Kursing for bedrifter og innbyggjarar, opent for alle</li> <li>– Etablere ressursgruppe med Statsforvaltaren, Nasjonalparkstyret, Villreinnemnda og relevante organisasjonar</li> <li>– Rutinar for oppdatering av Artskart og Naturbase</li> </ul>